


# Kyrkjelydsblad for Arna

Nr. 7 — Desember 1978  
11. årgang



**Julen er kyrkja si høgtid  
— velkommen til kyrkje**

## KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna.

Redaktør: Audun Stølås, Borge, 5233 Haukeland, tlf. 24 00 61.

Redaksjonsnemnd: Finn Halle Tvedt, Ingar Fykse, Harald Haugs-  
vær, Magne Songstad, Bjørg Hellesøy.

Forretningsfører: Bjørg Hellesøy, Fagerhaug 3, 5260 Indre Arna,  
tlf.: 24 14 47.

Bladpengar: Kr. 15,-. Utanbygds/lands kr. 20,-.

Postgiro nr. 3104445 eller bankgiro 8440.21.01856.

Dagens Trykkeri, Bergen.

## ARNA PRESTEGJELD

**Prestekontoret Indre Arna:** Tlf. 24 04 00.

Kontortid: Tysdag, onsdag, fredag kl. 10–11.30.

Torsdag kl. 17.30–19.00.

**Prestekontoret Ytre Arna:** Tlf. 24 13 25.

Kontortid: Torsdag kl. 18.00–19.00.

Onsdag kl. 10.00–11.00.

Arna kyrkjelyd sin dagheim: Tlf. 24 12 45.

Adresser:

Sokneprest Finn Halle Tvedt, Vollav. 31, Indre Arna tlf. 24 02 72.

Res. kap. Ingar Fykse, Gamlev. 8, Ytre Arna. Tlf. 24 13 25.

Diakonklokkar Magne Songstad, Høgatun 16A, Indre Arna.

Tlf. 24 03 42. Treffes etter avtale.

Klokkar Per Sæle, Skulev. 10, Ytre Arna. Tlf. 24 13 10.

Organist Solveig Tesdal, Stølsvegen 25, Indre Arna. Tlf. 24 16 06.

Organist Michael Knutsen, Tyriv. 20, Eidsvåg. Tlf. 25 63 48.

Kyrkjetenar Monrad Ulveseter, Stølsv. 15, Indre Arna. Tlf. 24 09 65.

Kan treffast på tlf.: 24 09 65 tysdag og torsdag kl. 17.00–18.00 og onsdag  
og fredag kl. 10.00–11.00.

Vik. kyrkjetenar Arthur Askeland, Haugland. Tlf. 24 11 55.

Oppsynsmann for kyrkjegardane i Arna, Emil Dalseth, Indre Arna,

tlf. 24 05 69, kontortid mand.–fred. kl. 12.00–13.00.

Soknerådsformann i Arna, Olav K. Hesjedal, Hauge, Haukeland  
tlf.: 24 01 17.

Soknerådsformann i Ytre Arna, Per Sæle, Skulev. 10, Ytre Arna,  
tlf. 24 13 10.

Gud være takk for si useielege gåve

# Gåva er Jesus

*Kva meiner du om denne gåva?*

1. svar: *Eg misunner deg.*
2. svar: *Det er noko for dei gamle.*
3. svar: *Det er for gammaldags for opplyste menneske.*
4. svar: *Det er det største av alt for meg.*

Slik kan ein halda fram å spørja, og svara blir så ymse. Kva kan grunnen vera til så ulike svar? Kva er årsaka til at eg sjølv er oppteke av denne gåva og vil at andre skal vera det?

Tankane går til barneåra. Eg ser for meg ei bestemor som gledde seg over at Jesus var komen for å frelsa henne, og ein folkeskulelærer som i heile si ferd bar merke av at han var glad i Jesus. Var desse årsaka til at Jesus kom til å bety så mykje for meg? I si ferd peika dei nok på «Mannen frå Nasaret» som dei hadde møtt som Guds Son, men dei kunne ikkje skapa tru i meg.

Ungdomstida var harde brytingsår. Stundom reiv eg meg heilt laus frå tankane på Gud, men dei kom att. Eg sat og las Darwins utviklings-teori og tårene draup ned i zoologi-

boka. Kampen brasa i meg. Er det ein Gud bakom alt? Eg ville prøva litt korleis det kjendest å vera ein kristen, men slik at eg hadde full rett. Det bar ikkje, eg var meir ulukkeleg enn nokon gong. Så gav eg meg heilt, dei andre fekk seia kva dei ville. Då sanna eg det same som Søren Kierkegaard «Jeg kastet meg på 70000 favner, og det bar.» Bibelen, som hadde vore ei stengt bok, opna seg. *Alt vart nytt.* Gud skapte trua i meg, og eg fekk røyna sanninga av Jesu ord i Johs. 7,17: «Vil nokon gjera etter hans vilje, skal han få røyna om læra er frå Gud, eller om eg talar av meg sjølv.» Kan dette vera ein juleandakt? Ja, for Frelsaren er den useielege julegåva. Om du høyrar til under 1, 2, 3, 4 eller ei anna gruppe, så ligg gåva der for deg og. —

Gamle Simon sa då han stod med Jesus-barnet i armene: «Augo mine har sett di frelsa . . . han skal verta eit teikn som blir motsagt.» Luk. 2,30 og 34.

*Gud vere takk for si useielege gåve!*

*Klara Ulveseter*

## Nytt inventar i Takvam kapell

Takvam kapell har i haust fått nytt inventar. Dei gamle trebenkene er blitt erstatta av nye stolar og eit alter er kome på plass. Kapellet har også fått ny talarstol, nytt orgel, altarduk og nattverdsett. Det nye inventaret vart vigsla av domprost Nils Monstad under ei gudsteneste 22. oktober. Etter vigslingshøgtida var det fest i Tunes bedehus.


Takvam kapell er med sine 50 sitjeplassar truleg det minste kapell som er i bruk i Norge. Gravplassen på Takvam er eldre enn kapellet. I 1912 var gravplassen vigsla. Det var då berre eit lite klokketårn her. Klokketårnet frå 1912 er idag tårn på kapellet. Alle gardane på Skyggestrand og på andre sida av Sørfjorden, frå Vimmelvik til Vikne, skulle sokne til Takvam gravplass. Sørfjorden var vrang å ferdast på når veret var uroleg, og det vart ofte for-sinkingar. Stundom måtte gravfylgje vente på Haus-presten som ikkje kom seg over fjorden, og stundom måtte presten vente på gravfylgje. Under slike tilhøve var Takvam ingen triveleg venteplass.

Lærer Kristine Brunborg, som budde like ved gravplassen, og Takvam kvinnelag sette seg føre å få



Takvam kapell er med sine 50 sitjeplassar truleg det minste kapell i Norge.

reist eit kapell på Takvam. I 1922 tok dei til å samla inn pengar til dette formålet. Fleire kvinnelag på både



Det nye interiøret i Takvam kapell. Framme ser vi det nye orgelet, det nye alteret og den nye preikestolen.

sider av Sørfjorden vart med å samla inn pengar til kapellet. Men etter nokre år fann dei ut at det ville gå for lang tid om dei skulle venta med bygginga til heile byggesummen var samla inn.

I 1925 fekk dei låne 2.655 kroner av kjøpmann Karl Herland. Byggmeister Ivar Namtveit laga då teikningar, og same år tok Anders Koppen til med å reisa kapellet. Et år seinare, skjærtorsdag 1. april 1926, vart det nye kapellet vigsla av prost Vasstrand. Mykje folk var med på denne høgtida. Den samla kostnad for å reisa kapellet kom på 4700 kroner. Det var då utført mykje dugnad.

I det ytre har det ikkje skjedd nokon endringar med Takvam kapell sidan 1926. Den gamle Arna kommune hadde sett av 50 000 kroner til utviding av kapellet. Ingeniør Voll har laga teikningar for ein utviding. Men etter kommunesamanslåinga er det ingen som har

høyrte noko meir om desse pengane. Eit lite sakrestri vart innreidd i 1956-57.

Det har etter måten ofte vore kveldsgudsteneste i Takvam kapell. I mange år var det fast nattverd-gudsteneste helgemessesøndag. Denne tradisjonen er no teken opp att. I mange år var det søndagsskule i kapellet. Det er vona at også den kan komme igang igjen. Kapellet har vore til stor velsigning for folk i bygdene omkring. I 1936-40 var det vekking etter stranda, og folk frå Garnes til Trengereid samlast til møte i kapellet. Det var då ikkje noko bedehus på denne staden. Dei som har vore pedella, eller vaktmeister, for kapellet er Katrina Tunes, Birgit Herland og no Kari Takvam.

Helgemessesøndag ifjor vart det

# Nye tekster i kyrkja

3/12 -78, 1. søndag i advent.

Jes. 62, 10-12, preiketekst

Rom. 13, 11-14a

Matt. 21, 1-9

10/12 -78, 2. søndag i advent.

Mal. 4, 1-2a pluss 5-6

Rom. 15, 4-7

Luk. 21, 25-33

17/12 -78, 3. søndag i advent

Jes. 35, 3-6 pluss 10

1. Kor. 4, 1-5

Matt. 11, 2-10

24/12 -78, 4. søndag i advent

Jes. 52, 7-10

Fil. 4, 4-7 preiketekst

Johs. 1, v. 19-27

24/12 -78, Julaftan

Mika. 5, 1-4a

Luk. 2, 1-20

Juledag

Jes. 9, 2-3 pluss 6-7

Hebr. 1, 1-5a

Johs. 1, 1-14

2. juledag

Jer. 1, 17-19

Apgj. 6, 8-15

Matt. 10, 17-22

Søndag etter jul

Jes. 63, 7-9

Gal. 4, 4-7

Luk. 2, 25-38

Nyårsaftan

Salme 103, 1-4 pluss 8-12

1. Johs. 1, 5-7

Luk. 13, 6-9

## Velsigna julehøgtid

Sokneråda i Arna prestegjeld ynskjer kvar einiskild i kyrkje-lydane ei velsigna julehøgtid og eit godt nytt år. Vi vil minna om at julen fyrst og fremst er kyrkja si høgtid, og vi vil innby til kyrkje desse høgtidsdagane.

Olav Hesjedal  
Per Sæle

vald ei nemd som skulle ta seg av modernisering av inventaret. Med i nemnda var Haldor Romslo, Klara Ulveseter, Kari Takvam og Trygve Herland. Privatpersonar og firma har vore flinke til å gje pengar til nytt inventar. Sigurd Øyjord har laga alteret og krossen i tre og Kristin Minde har sydd alterduken. Ein som i mange år har kjempa ihuga for kapellet er Brita Romslo.



Det nye altaret i kapellet.

# Evangeliske aksjonar — kvifor?

Denne høsten har vore prega av evangeliske aksjonar. I tre veker stod forbundstellet her i Arna med møte nesten kvar helg. Det har også vore aksjon i meir storstilt samanheng. Eg tenkjer på Billy Graham aksjonen -Skandia 78.

Kvifor slike spesielle arrangements? Er det ikkje nok med det vanlege arbeidet som går føre seg i kyrkjer og bedehus? Har ikkje alle som vil høyre Guds ord rikeleg anledning til det uten alt dette oppstyret?

Jau, det er sant. Likevel har den evangeliske aksjonen ein særskild rett og ei spesiell grunngeving.

Eit problem vi står overfor i det kristne arbeidet er at så mange ikkje får høyre fordi dei ikkje går der Guds ord vert forkynt. Og uten at ein høyrer Ordet, kan ein heller ikkje tru det. Trua kjem av forkynninga, seier Paulus (Rom 10,17).

Vi har erfaring for at ved slike aksjonar kan det koma menneske til møta som vi ellers sjelden eller aldri ser i kristne forsamlingar. Der har dei evangeliske aksjonane sin store sjanse. Men difor har dei og si særlege form. Enkel og sentral forkynning med sterk appell og oppfordring til å ta standpunkt for Kristus.

Denne møteforma har og sin betydning for dei kristne. Vi blir kalla til felles innsats gjennom praktisk førebuing og bøn. Ofte kan ein og oppleve at aksjonen fører med seg åndeleg fornying for trøyte kristne. Kanskje får dei også nytt syn på oppgåvene og kallet, så det gjev nytt mot og oppmuntring til framhald i tenesta.

Det hevar seg kritiske røyster til nesten alle former for kristent arbeid. Evangeliske aksjonar dannar ikkje unntak i så måte. Ein seier det blir lett skapt ein unaturleg eller kunstig atmosfære under slike møte. Oppfordringa til omvending kan bli for påtrengjande, og kjenslene til folk vert bevisst utnytta. Nokre talar om demagogi, andre om massesuggesjon.

Faren for slike usunne biverkningar finst. Men om vi aldri tør løpe ein risiko, og vi aldri gjer noko anna enn det som på alle vis er heilt ufårleg, kva får vi då eigentleg gjort? Vi må berre vere merksame på fallgruvene, og be Gud som å leie oss utanom dei.

Dersom vi set vår lit til dei store aksjonar og mindre reknar med betydningen av den daglege tenesta i kyrkje og kyrkjelyd, er vi nok på gale spor. Slik «skippertaksmentalitet» fører sjeldan dit vi tenkjer. Vel er ingen ting umogeleg for Gud, og Gud er stadig overraskelsens Gud. Likevel må og ein evangelisk aksjon ha basis i kvardagskristendom og trufast teneste i Guds rike.

Men og når ein aksjon er over, er det viktig at det finst eit trufast arbeid med kontinuitet, slik at «dei nye», fort kan takast opp i fellesskapet, først vidare på den vegen dei har begynt, og etter kvart få oppgåver.

Til slutt nokre ord til deg som les desse linene og som kanskje tok standpunkt for Kristus enten under teltmøta eller Billy Graham-aksjonen. Eg vonar du har funne ein innfallsport til kyrkjelyden vår og det kristne fellesskapet. Og om du

# Nådegevenerne

Dette er overskriften til det Paulus skriver om i 1. Kor. 12. Her sammenligner Kristus og oss kristne med et legeme og lemmene på det. Alle kristne er ett legeme i Kristus – uansett rase eller kirkesamfunn. Også den enkelte kristne i Arna menighet er lemmer på dette legemet – der vi har fått helt spesielle oppgaver å utføre. I menneskers øyne kan denne oppgaven være liten eller stor, men heldigvis regner ikke Gud i stort eller lite. Vi utfyller hverandre med våre ulikheter.

La oss være i det bildet som Paulus bruker om lemmene på legemet. Hver minste ting på kroppen vår er viktig, og kan ikke bytte plass med noe annet. Øyet kan f.eks. ikke bytte plass med foten – eller hånden med øret. Dette er så selvsagt og banalt når det gjelder det

fysiske legemet, men det virker ikke som det er like selvsagt når det gjelder Kristi legeme – Guds folk. Her er det ikke alltid like lett å slå seg til ro med den tjenesten eller oppgaven som en selv skal utføre. Alt det som de andre gjør og får være, ser så stort og viktig ut, mens lille jeg .... Paulus sier litt om dette i vers 18 og 22. «Men nå har Gud gitt hvert enkelt lem sin plass på legemet, slik han ville det. De lemmene på legemet som synes å være svakest, nettopp de er nødvendige».

Vår største oppgave som kristne er å være tro på den plassen og i den tjenesten Gud har satt eller vil sette oss. Der vil også Gud gi oss den kraft og styrke vi trenger – vi skal ikke gå i egen kraft for da er vi garantert å mislykkes.

B. Rismyhr

ikkje har, så er det viktig at det skjer snart. Du må og gjere noko sjølv for å bli med. Det er tungt å leve som einsam kristen, og nesten ikkje råd å vere anonym kristen. Du treng det kristne fellesskapet, og fellesskapet treng deg.

Det vil sikkert og finnast ei eller anna oppgåve for deg som du kan få gjere, og som du kan få veksa på. Vel møtt og lukke til!

Ingvar Fykse

Magne Songstad er slutta som diakonklokkar

## — Ei rik tid i Arna



Magne Songstad er no slutta som diakonklokkar i Arna etter 1 1/2 år i stillinga. Han har teke til som styrar ved Karrestad eldresenter i Halden. Dette er eit service-senter for eldre, med 30 aldersheimsbustader og med tilbod som fysioterapi, arbeidsterapi, lege og kantine.

— Tida i Arna kyrkje-lyd har vore ei rik tid, seier Magne Songstad i ein samtale med Kyrkjelydsbladet like før han dreg austover. Heile familien har hatt det godt her. Dei røynslene eg har gjort i stillinga som diakonklokkar er uvurderlege å ta med seg vidare. Men eg vil ikkje leggja

Magne Sognstad med barna, Øystein på 3 1/2 år til venstre og Nils Magne 4 1/2 år til høgre.

skjul på at det har vore svært mykje å gjera. Både Arbeidsmessig og lønsmessig er stillinga lagt opp slik at det

Forts. side 12

# Familieside



## ARNA SOKN

### Døypte:

- 9/ 9 Linda Hannisdal, Trine Mostrøm, Marianne Almenning, Stian Andre Vik, Helge Schwab,  
16/ 9 Kathrine Hansen, Merethe Sangolt, Kjetil Henriksen, Jørn Bakervik.  
1/10 Elisabeth Hasselgren Ellertsen, Ingrid Garnes Brun, Jarle Hausvik.  
7/10 Richard Sivertsen, Rune Grønning.  
28/10 Gunnar Bakke Vik, Morten Kjosnes, Bjørn André Moen, Stig Eide Hekland, Olve Sande.  
29/10 Jon Are Sundland, Terje Morken.  
4/11 Ørjan Vicente Helle, Jan Erik Midtun, André Ellertsen, Monica Borge Jargren, Ann Kristin Næss.  
5/11 Kristin Haugsvær, Karianne Ingebjørg Lodtz.

### Vigde:

- 9/ 9 Magne Hannisdal og Gerd Seim  
Sigmund Torstein Langhelle og Else Norunn Hope.  
16/ 9 Tor Magne Hansen og Margit Berit Nævdal.  
23/ 9 Roald Eliassen og Venke Klara Lillebø.  
7/10 Johnny Taranger og Marit Ingunn Kronen.  
14/10 Per Jarle Nordhus og Jane Kjølraug  
28/10 Magnar Nikolai Helgås og Inga Beate Støle  
Kjetil Ytrearne og Grethe Holm  
4/11 Oddvar Rune Olsen og Elin Solberg.

### Avlidne:

- 2/ 9 Jorek Roseth, f. 1912.  
11/ 9 Arne Frøyen, f. 1924.  
21/ 9 Ingeborg Romslo, f. 1882.  
24/ 9 Knut Hjelle, f. 1919.  
25/ 9 Ruth Morland, f. 1917.  
26/ 9 Endre Lekve, f. 1901.  
1/10 Einar Solberg, f. 1909.  
10/10 Jørgen Mjelde, f. 1911.  
15/10 Johannes Skjoldal, f. 1911.  
23/10 Dorthea Kjellesvik, f. 1906.  
25/10 Magne Torp, f. 1925.

## Barnehagar i Åsane og Lindås

Nordhordland Indremisjon og Bergen krins av Misjonssambandet skal med det første byggja to barnehagar, ein på Knarvik i Lindås og ein i Ulsetåsen i Åsane ved Bergen. Det vert barnehagar med to avdelingar og me høve for tilbygg seinare. Barnehagebygget i Ulsetåsen skal også romme ein forsamlingshall som det hittil har vore mangel på i dette området med ca. 5.000 mennesker.

I store utbyggingsstrok som Knarvik og Ulsetåsen, er det mange mindrearige born og det er difor stor trong for barnehagar. Nordhordland Indremisjon og Bergen krins av Misjonssambandet ser det som svært viktig å drive kristent barnearbeid. Ja, det er ei misjonsgjering, og difor vil dei to organisasjonane byggja desse barnehagane.

Ein vil så på denne måten gjera kjend planane for kristenfolket og be om deira støtte både med forbøn for arbeidet og med økonomiske midlar.

Ved å be kristenfolket, og andre som kjenner seg kalla, om dette, kan ein kanskje få såpass eigenkapital at ein unngår dyre lån.

Nordhordland Indremisjon og Bergen krins av Misjonssambandet vil takka på førehand for hjelpa.

Pengane kan ein senda til Barnehager Ulsetåsen/Knarvik  
5083 Øvre Ervik  
Postgirokonto nr. 419 49 99.

For økonomigruppa  
Knut Mæstad

### Barnevakt i kyrkjetida

I preikelista for Arna kyrkje står det ofte at det er barnevakt. Dei søndagene det er barnevakt kan foreldre som skal til kyrkje ta med barna til dagheimen i Indre Arna bedehus der det er folk som tek seg av dei. Barnevakt er det dei fleste søndagene. Berre når det er familiegudsteneste eller andre arrangement der barna er med under høgmessa er det ikkje barnevakt i dagheimen. Heller ikkje i skulane sine ferier. Men alle andre søndager er foreldra hjarteleg velkomne med barna sine til dagheimen.

## KONSERT I ARNA KYRKJE

Fredag 15. desember kl. 19.30.

### HARMONIENS ORKESTER

Dirigent:

KARSTEN ANDERSEN

Solist:

KARIN DUNGEL, bratsj

### Program:

Häandel: Overture og pastorale fra «Messias»

Corelli: Concerto Grosso, op. 6. nr. 8, (Julekonsert)

J. Chr. Bach: Konsert, c-moll

for bratsj og orkester.

J. S. Bach: Suite nr. 3, D-dur.

Billetter a kr. 15.-

Skoleungdom kr. 10.-

Forsalg av billetter fra mandag 11. desember hos Urmaker Sigmund Kleiveland, 5260 Indre Arna, tlf. 240496 eller ved inngangen før konserten.



## -De trenger en rådgiver i forsikring

Assurandør Olav A. Hovden  
Gir Dem bistand med et fornuftig og  
oversiktlig poliseopplegg.

Ring, stikk innom eller send noen or d.

### Storebrand-Idun

FOR SIKKERHETS SKYLD

Postboks 17 — 5260 Indre Arna  
Telefon 24 15 32 — Privat 2808 11

Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning  
Hugs at vi har laveste pris,  
og det De kjøper her kan De få reparert her.

### ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 24 11 88

Arnatveit — telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger

**EL-KJØP**

**EI RIK TID** .....

Fra side 9

mest ikkje er mogeleg  
for ein familieforsør-  
gar å ha ho. Eg har søkt  
Bergen kommune om  
visse endringar i stil-  
linga, men ingenting er

blitt gjort.

Diakoniklokkarstil-  
lingi er svært interes-  
sant, og i det augne-  
blink løns- og arbeids-  
tilhøva vert bedre  
ordna vil eg vera den  
første til å gå inn i ho  
att, seier Magne Song-  
stad.

Vi i Kyrkjelydsbla-  
det vil få takka Magne  
Songstad for det arbei-  
det han har utført i  
Arna kyrkjelyd og også  
for det han gjort i  
redaksjonsnemnda for  
bladet. Og vi ønsker  
Guds signing i arbeidet  
vidare.

## Blomar til alle høve!

Vår spesialitet er dekorasjonsplanter  
**GARNES GARTNERI**

Telfon 240401 — Garnes.  
Utsal: Espeland — Tlf. 241727.

*Kjøp fornuftige julegaver i år.  
Vi har godt utvalg for hele familien.  
Kjøp norsk til jul i år, det lønner seg.*

**atOmic**  
jeans

### Borge Konfeksjon

5230 ESPELAND

Tlf. 24 01 35

## HAUS SPAREBANK

Indre Arna - Espeland - Ytre Arna

Banken i Arna frå 1866

Banken der du bur



—til bygdefolket sitt beste  
gjennom 112 år.

**I MIN FORRETNING**  
finn De gåver til bryllup, konfirmasjon,  
og barnedåp



5260 INDRE ARNA — TLF. 24 04 96

## **ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ**

Telefon 240808  
Begravelser og bisettelser ordnes  
Transport med egen bil  
Annonser, sanger, sløyfer  
Monumenter besørjes oppsatt

## **ESPELAND GARTNERI**

Telefon 240809  
Blomsterforretning  
Hagesenter  
Kransebinderi  
  
RIKT UTVAL I JULEBLOMSTER  
MOSEKORS OG KRANSER TIL GRAVENE

## **Solstrands Blomsterforretning**

Hollendergt. 4. tlf. 232050

## **Solstrand Begravelsesbyrå**

Herm. Fossgt. 11. tlf. 232050

Alltid til tjeneste

## **VESTLANDSBANKEN**

Banken i Arna — for Arna-folk,  
der alle kundar, store som små,  
er hjarteleg velkomne.



**VESTLANDSBANKEN, avd. Arna**

Vi ynskjer alle våre kunder  
god jul og eit godt nyttår.

## **ALLE VET**

at vi selger nyere utvalgte vogner. Prøv hos oss  
De også. Vi gir god service.

## **KVERSØY BILFORRETNING**

ESPELAND  
Telefon 24 00.17 — 24 08 45



# Velkommen til kyrkje

## Preikeliste for Arna

- 10/12 Arna kl. 11. v/res.kap. Fykse. Barnevakt.  
Arna kl. 17. Julekonsert. Andakt v/soknepr. Tvedt. Kollekt til Diakonatot.  
Arna Helseheim kl. 11. v/spr. Tvedt. Nattverd.  
Ytre Arna kl. 19. Lysmesse v/res.kap. Fykse, Haugland songlag. Fiolin v/A. Rivenes. Kollekt til N.K.U.F.
- 17/12 Arna kl. 11. v/res.kap. Fykse. Nattverd. Barnevakt.  
Arna kl. 15.30. Julekonsert. Andakt v/spr. Tvedt. Barnekor og -korps. Kollekt til Diakonatot.  
Ytre Arna kl. 11. v/spr. Tvedt. Nattverd. Offer til Dr. Mauds minne.  
Ytre Arna kl. 19. Julekonsert. Andakt v/res.kap. Fykse. Arr. Arne Musikkforening.
- 24/12 Arna Helseheim kl. 10.30. v/spr. Tvedt.  
Haukeland gamle skole kl. 12. v/spr. Tvedt. Offer til Kirkens Nødhjelp.  
Arna kyrkje kl. 15. v/spr. Tvedt. Offer til Kirkens Nødhjelp.  
Arna Kyrkje kl. 16. v/spr. Tvedt. Offer til Kirkens Nødhjelp.  
Ytre Arna kl. 15. v/res.kap. Fykse. Offer til Kirkens Nødhjelp.  
Ytre Arna kl. 16. v/res.kap. Fykse. Offer til Kirkens Nødhjelp.  
Ytre Arna Trygdebustadene: Juleandakt kl. 11. v/res.kap. Fykse.
- 25/12 Arna kl. 11. v/spr. Tvedt. Offer til N.M.S.  
Tregereid kl. 18. v/spr. Tvedt.  
Ytre Arna kl. 11. v/res.kap. Fykse. Offer til N.M.S.
- 31/12 Arna kl. 11. v/res.kap. Fykse.  
Ytre Arna kl. 11. v/spr. Tvedt. Offer til Soknerådet.
- 1/ 1 Arna kl. 11. v/spr. Tvedt. Nattverd.  
Ytre Arna kl. 11. v/res.kap. Fykse. Nattverd.
- 7/ 1 Arna kl. 11. v/res.kap. Fykse. Barnevakt.  
Ytre Arna kl. 11. v/spr. Tvedt.
- 14/ 1 Arna kl. 11. v/spr. Tvedt. Nattverd. Barnevakt.  
Ytre Arna kl. 11. v/res.kap. Fykse. Nattverd.
- 21/ 1 Arna kl. 11. v/res.kap. Fykse. Barnevakt.  
Tregereid kl. 11. v/spr. Tvedt. Nattverd.
- 28/ 1 Arna kl. 11 v/spr. Tvedt. Barnevakt.  
Ytre Arna kl. 11. v/res.kap. Fykse.